

# Forskrift om opningstider for serveringsstader, samt skjenke- og salstider, Stord kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Stord kommunestyre (xxx) med heimel i lov 13. juni 1997 nr. 55 om serveringsvirksomhet (serveringsloven) § 15 første ledd.

## § 1. Mål

Målet med forskrifta er å gje serverings-, skjenke- og salsstadane gode og føreseielege rammevilkår gjennom like opnings-, skjenke- og salstider.

## § 2. Virkeområde

Med serveringsstad meiner ein restaurantar, spisestader, pub/bar, kafear, storkioskar, gatekjøkken, matvogner, pølsekioskar, bensinstasjonar som serverer mat og/eller drikke, jf. [serveringslova § 2](#).

Med skjenkestad meiner ein serveringsstad som også har løyve til utskjenking av alkoholhaldig drikke.

Med salsstad meiner ein daglegvarebutikkar med eit breitt utval av matvarer og andre nærings- og nytelsesmiddel, som i tillegg har løyve til sal av alkoholgruppe 1.

## § 3. Opningstider

Serveringsstader utan skjenkeløyve kan servera mat innandørs heile døgnet. Det kan ikkje bli servert mat utandørs etter kl. 24.00

Løyve til matservering frå serveringsluke, ut mot gate, torg, eller annan offentleg stad, kan etter særskilt og heilskapleg vurdering bli gjeve fram til kl. 04.00 natt til laurdag og natt til søndag.

For skjenkestader gjeld til ei kvar tid den opnings- og skjenketida som går fram av verksemda sitt enkeltvedtak om skjenkeløyve. Avgrensinga av opningstida gjeld likevel ikkje for overnattingsstader som kan servera mat til sine overnattingsgjester, heile døgnet.

## § 4. Skjenketider

Ein serveringsstad kan søke om kommunalt løyve til utskjenking av alkoholhaldig drikke. Det kan i tillegg bli gjeve alminneleg skjenkeløyve for enkelthøve og for ein del av året.

Skjenkeløyve:	Skjenketid	Gjeld:
Alminneleg skjenkeløyve gruppe 1 og 2	11.00 -01.00	Alminneleg skjenketid inne og ute.
Alminneleg skjenkeløyve gruppe 3	13.00 -01.00	

Natt-løyve gruppe 1 til 3	01.00-02.30	Innandørs, natt til laurdag og natt til søndag, med unntak av langfredag, samt 1. juledag når denne fell på ein fredag eller laurdag.  I Stord kommune gjeld natt-løyve i tillegg for: <ul style="list-style-type: none"> <li>• natt til 1. mai (30. april)</li> <li>• natt til 17. mai (16. mai)</li> <li>• Onsdag før skjærtorsdag</li> <li>• Natt til 3. juledag (26. des.)</li> <li>• Natt til 4. juledag (27. des.)</li> <li>• Natt til 1. januar (31. des.)</li> </ul>
Hotell-løyve for alkoholgruppe 1 og 2, utanfor hotellet sine ordinære skjenkeområde.	Ingen omsyn til skjenketid	For hotellet sine overnattingsgjester.

#### § 4-1. Arrangement utandørs

For arrangement utandørs er skjenketida avgrensa til kl. 23.00, alle dagar.

#### § 4-2. Konsumtid

Konsum av utskjenka alkohol må opphøyra seinast 30 minutt etter skjenketidas utløp. Skjenkestader som stenger før kl. 01.00, er ikkje pålagt å praktisera konsumtid.

#### § 4-3. Overgang sommar- og vintertid

Ved overgang til sommar- og vintertid følgjer skjenketida realtid. Verksemdene må stansa skjenkinga på det tidspunkt klokka vert stilt frå kl. 02:00 til 03:00 eller frå kl. 03:00 til 02:00.

#### § 5. Salsstider

Måndag til fredag	Kl. 08.00 – 20.00
Laurdag	Kl. 08.00 - 18.00
Dagar før heilagdagar <ul style="list-style-type: none"> <li>• onsdag før Skjærtorsdag</li> <li>• nyttårsafta</li> </ul>	Kl. 08.00 – 18.00
Unntak <ul style="list-style-type: none"> <li>• onsdag før Kristi Himmelfartsdag</li> </ul>	Kl. 08.00 – 20.00

Påske- og Pinseafta p.t.	Kl. 08.00 – 16.00
Søndag, heilag dagar, 1. mai og 17. mai	Stengt
Julafta	Stengt
Valdagen	Stengt

## **§ 6. Iverksetting**

Forskrifta trer i kraft frå xxx. Frå same tid blir forskrift 1. mai 2016 opningstider for serveringsstader, Stord kommune, Hordaland oppheva.